
Avtale om vertskommunesamarbeid jamfør kommunelova §20 mellom kommunane

Fyresdal, Tokke, Nissedal, Seljord og Kviteseid

Samarbeidsavtale om psykologstillingar



Vedtak:	Dato:
Kommunestyret Fyresdal	
Kommunestyret Tokke	.
Kommunestyret Nissedal	
Kommunestyret Kviteseid	
Kommunestyret Seljord	

Samarbeidsavtale om psykologstillingar

Denne avtala er heimla i lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) §§ 20-1-2, 20-4-5, 20-7-8 og 20-10 som trer i kraft frå og med det konstituerande møte i det einskilde kommunestyre etter oppstart av valperioden 2019-2023.

1. Vertskommune og samarbeidskommunar:

Avtala er inngått på grunnlag av kommunestyrevedtak i deltakarkommunane Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Tokke og Seljord og omhandlar samarbeid om to felles psykologstillingar, med Seljord som vertskommune.

2. Delegasjon:

Kommunestyret i samarbeidskommunane delegerer mynde til rådmannen i sin kommune, som delegerer vidare til rådmannen i vertskommunen å fatte vedtak i saker innan det aktuelle samarbeidsområde, som ikkje er av prinsipiell karakter. Saker av prinsipiell karakter skal vertskommunen førebu, før saka vert sendt til politisk handsaming i samarbeidskommunane.

Delegert mynde frå samarbeidskommunane til vertskommunen kan trekkjast attende med direkte verknad.

3. Arbeidsoppgåver og mynde til vertskommunen

Vertskommunen utfører arbeidsoppgåver på vegne av samarbeidskommunane innan fylgjande ansvarsområde retta mot barn og unge:

- Medverke til samordna tenesteutvikling i dei fem kommunane
- Tverrfagleg samarbeid, primærførebyggjande og i enkelt saker
- Rettleiing av faggrupper og profesjonar
- Klinisk arbeid

Arbeid kan tilpassast andre aldersgrupper etter vurdering i styringsgruppa (sjå punkt 5).

4. Arbeidsgjevaransvar

Vertskommunen utøver generelt arbeidsgjevaransvar på vegne av samarbeidskommunane. Rettighetar og plikter går fram av signert arbeidsavtale mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar.

5. Organisering

Samarbeidet blir organisert med ei styringsgruppe samansett på overordna administrativt nivå og ei arbeidsgruppa samansett av fagansvarlege innan aktuelle tenesteområde som helsestasjon, psykisk helse, legetenester, barnevern og skule/ barnehage i dei fem deltakarkommunane. Styringsgruppa møtes ein gong årleg for å forankre ei felles tenesteutvikling og drøfte utfordringar og satsingsområde. Arbeidsgruppa møtes etter behov og oppsett møteplan.

Frammøte –og hovudarbeidsplass er i vertskommunen. Alle deltakarkommunane har ansvar for å stille kontorfasilitetar med naudsynt utstyr til disposisjon.

For å redusere bruk av arbeidstid til reising, skal bruk av videokonferanse nyttast der dette er tenleg.

6. Rapportering

Det blir orienterert frå psykologtenesta til den einskilde kommune minst ein gong årleg, om drifta og om vedtak som blir fatta av vertkommunen.

Årsmelding og rekneskap sendast frå vertskommunen til samarbeidskommunane.

7. Driftsutgifter og kostnadsfordeling

Budsjettet består av lønn og andre driftskostnader som blir fordelt mellom deltakarkommunane etter innbyggjartal.
Vertskommunen informerer samarbeidskommunane om budsjett for komande år innan 01.09.
Kostnadsfordeling vert gjort på grunnlag av folketal per 01.01. i budsjettåret.

Vertskommunen er ansvarleg for å sende refusjonskrav til samarbeidskommunane.

8. Iversetjing, endring og oppseiing av avtala:

Overføring av oppgåver og mynde til vertskommunen gjeld frå 01.09.2019.
Endring i denne avtala kan berre gjerast av kommunestyra dersom alle deltakarkommunane gjer likelydande vedtak.

Avtala er ikkje tidsavgrensa, men kan seiast opp med eit års varsel etter vedtak i det aktuelle kommunestyret.
Dersom deltakarkommunane er samde om det, kan vertskommunesamarbeidet oppløysast med direkte verknad.

Dato:

Fyresdal kommune

Nissedal kommune

Kviteseid kommune

Tokke kommune

Seljord kommune